

Masfjorden Kommune

Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Att.: Rådmann/Teknisk Sjef

12.08.2023

Trafikktryggleik kommunal veg Duesundøy

Masfjorden kommune overtok i 2015 ansvaret for vegen til bolig- og hyttefeltet på Duesundøy. Frå avtaleteksten kan ein lesa følgande: «For kommunen vil overtaking av infrastrukturen medføra eit ansvar i høve til drift og vedlikehald av veg, vatn og avlaup i området. Det kan og koma krav/ ønske om legging av asfalt og oppsetting av veglys frå folk som bur eller har hytter i feltet». (sjå for øvrig vedlagt kopi av protokoll)

Me har sterke ønsker om både veglys og asfaltert veg på Duesundøy, og me håper at kommunen no etter 8 år, kan oppfylla disse ønska (veglysfundamentene er allereie montert).

Det er jo tross alt eit godt bidrag til auka trafikktryggleik(kommunalt ansvar) og kan også bidra til auka tilflytting av fastbuande til feltet.

I tillegg har me no et meir akutt ønske som utelukkende går på trafikktryggleik. I det siste har det blitt ein større andel med ukjente folk her på øya. Dette i hovedsak fordi det for tida pågår uteleige av boligar og hyttar her, både korttids- og langtidsutleie. Noko som medførar auka risiko for hendelser/ulykker langs den kommunale vegen.

Me vil derfor be om at det snarast vert montert opp skilt med «barn leker, vis hensyn» og angitt fartsgrense for den kommunale veien, tilpassa vognormalene.

Håper med på eit positivt svar på auka trafikktryggleik her på Duesundøy, me har ingen å miste.

Vedlegg: kopi av protokoll om avtale om overtaking av infrastruktur Duesundøy

Med vennlig hilsen oss fastbuande på Duesundøyna;

*Joakim Hindenes og Ann Jessica Fawcett
Jack Halland og Silje Sjurseter Halland
Aina Sleire*